



**Hemsedal Ice**  
Klatrefører for  
is- og vinterklatring  
Bjørn Kruse og  
Jørgen Aamot  
Isklatreguide  
220 sider

# Klar med klatreboka

■ Plasserer Hemsedal og Golsjuvet på det alpine klatrekartet

Vinterklatring på snø, is og stein gir ei totaloppleveling av klatring, skal me tru forfattaren.

LINE SANDVIK  
ls@hallingdalen.no

Den nye isklatrar-føraren er klar. Over 70 fossar og over 100 ruter er klatra og omtala. Ei opplevingsferd, kalla klatrarane arbeidet bak den nye is- og alpine klatreboka. Det ligg mykje arbeid bak boka. Så fort isen har synt seg på hausten, har dei slengt klatreutstyr og kamera på ryggen og lagt i veg til ukjende fjell- og isvegger.

– Isklatring er så mykje meir enn øks og stegjern. Det handlar om å lese is og temperatur. Og å vere på tur i trygge omgjevnader med god margin, smiler ein av dei to forfattarane bak boka, Bjørn Kruse.

## Isklatring

Tre år, 70 fossar og kring 110 klatruter er gjennomført. Bjørn Kruse og Jørgen Aamodt i Hemsedal er no endeleg klare med isklatreguiden sin over Hemsedal og Golsjuvet. Det blir lanseringsfest fredag 2. november i Skandinavisk Høyfjellsutstyr sine lokale i Hemsedal. Og isfest sjølvsgatt, i det nyetablerte klatrefeltet Langeset.

– Det har tidlegare berre vore omtalt nokre få fossar når det gjeld is- og alpin klatring i Hemsedal, fortel Bjørn Kruse. Han og klatrekompisen Jørgen Aamodt er ivrige og erfarte isklatrarar. Kameratane tykte dei få nettbaserte utgåvene og enkle klatreførarane som fanst, ikkje på langt nær synt omfanget av dei opplevingane ein faktisk kan få. Dei sette seg rett og slett ned med kartet og plotta ut stader som kunne vere aktuelle. Og fann ut at det å oppdage nye ting, var det beste dei hadde gjort.

– Hemsedal er også arnestaden for isklatring i Norge, for å sitere Thomas Carlstrøm. Det er her det starta på 70-talet, fortel Bjørn Kruse. Han har tidlegare skrive toppturguide for skikøyrarar i Hemsedal, som og er komen ut i revisert utgåve. Jørgen Aamodt har skrive skiførar for Hurrungane i Jotunheimen.

– Eg tok tidleg kontakt med Jørgen om ei bok. Og eg trur han hadde gått med same idé like lenge, fortel Kruse.

## Rein førar

Gutane har arbeidd med boka i



**TIL FJELLS:** Jørgen Aamodt fotografert på ruta Shepards Delight. (ALLE FOTO: PRIVAT)

flere år. Dei har loggført mellom 30 og 40 dagar på is kvar sesong.

– Me har halde att bokutgjevinga. Me ville klatre alt sjølv først, smiler Kruse. Dei gir ut boka på eige forlag, Topptur Sport AS, og har dermed kontroll og styring på det meste.

– Me ville gjere heile prosessen sjølv. Me er pedantar båe to. Eg trur me kan boka utanå no, ler han. Boka er trykt i 1500 eksemplar og basert på turar og ruter vintersid. Den inneholder ingen innføring i klatring.

– Isklatring og alpin klatring er steg til nært det gjeld klatring. Isklatrarane er erfarte og kan klatre. Me har ikkje bruk plass på utstyr, innbinding og så vidare. Dette er ikkje noko kursbok, men ein rein førar, samt presentasjon av flott klatring, seier Kruse. Den nye boka inneholder ei oversiktsskisse over klatreområdet, samt klatrebilete frå sjølv ruta.

– Eg trur ikkje det er standard å ha med dette. Me har bruk til på å presentere alt frå GPS, kart, oversikt over området og sjølv klatringa, fortel han. I tillegg er det også engelsk tekst. Boka vil også bli distribuert i England og Italia.

– Dette kan bli stort altså?  
– Det blir stort, smiler Kruse. Boka er å få tak i aktuelle sports-

butikkar, bokhandel, på nett og på turistkontoret.

– Finst det ein foss for alle?

– Ja. Me har med ein god del ruter som er aktuelle for nybegynnarar, pluss ein god del tøffare ruter, fortel Kruse.

Hemsedal ligg høgt og har eit kaldt og klart klima. I tillegg er isklatre-sesongen lang, frå slutten av oktober til slutten av april. Ein kan til og med klatre is i sola, på grunn av høgda.

– Proffe utanlandske klatrarar har samanlikna det med klatring i Chamonix, fortel han. Boka omtalar tre område i Hemsedal, sentrum frå Hydnefossen til Tuv, Grøndalen og alpin vinterklatring – altså det som er over tregrensa som Skogshorn og Skurvefjell. I tillegg blir Golsjuvet omtalt.

– Golsjuvet er eit av Norges beste isklatre-felt for trenings sin del. Men miljøet er utrolig lite her i Hemsedal. Tippar me er under ei handfull aktive isklatrarar her. Eg er glad om me blir til i vinteren. Dette er ei fantastisk oppleveling fleire burde vere med på, seier Kruse.

## Mange bidrag

Mange har gitt bidrag til klatreboka. 30–40 personar har vore involvert på ein eller annan måte.

Boka inneholder historikk og intervju med nokre av dei fremste ispioneerane i Hemsedal som Thomas Carlstrøm, Marius Morstad og Leslie Ayres. Ein av verdas beste klatrarar, Will Gadd, er også med.

– Mange har vore med og kvalitetssikra jobben, fortel Kruse. Forfattarane har mellom anna fått med seg historier kring førstebestigningar, samt biletar. Eit bilet vart for eksempel grave fram frå ein garasje i Vestfold. Det var førstebestigninga av Hydnefossen på slutten av 70-talet. Fleire av rutene har Kruse og Aamodt hatt førstebestigning på sjølv.

– Is er eit variabelt fenomen. Eitt år er det tre liner å klatre. Eit anna år berre ei.

– Når startar sesongen?

– Eg håpar å klatre is i helga. Når andre tykkjer det er kjedeleg i november, kosar me oss. Og det er framleis stader me ikkje har omtala i boka. Men no er det jo litt «grofseklatring», seier Kruse.

– Grofseklatring?

– Ja altså, ein fin miks av stein, is og snø. Det er ei flott tid no. Og stort sett null snø å vasste i for å kome seg fram, smiler Kruse som slett ikkje ser bort frå at det kan bli fleire boker.

– Det er fleire fossar å klatre i Hallingdal.